



Månadsbrev januar 2020

Godt nytt år! Me vonar det vert eit godt nytt år, sjølv om me ikkje fekk oppfylt adventsønsket til elevrådet om ein skule som er god og trygg for både elevar og vaksne.

Alle politikarane i Øvre Sirdal og to frå Tonstad stilte på omvisinga med FAU og verneombod 11. desember. Det var mange elevar, foreldre, besteforeldre og andre som ønskte politikarane velkomne med faklar og song. Nå skal kommunadministrasjonen svara på fem punkt til neste formannskapsmøte 16. januar, så få me sjå kva som skjer.

Elles bør januar vera ein svært god arbeidsmånad, for det er ikkje så mykje anna som skjer. Det er morgonsamling 13. januar ved 7. klasse der dei mellom anna skal snakka om månadens sosiale mål om: "Eg snakkar fint om andre og eg snakkar alltid fint til alle eg møter". 16. januar er det SMU- og SU-møte, med mellom anna høyring om fritt skuleval på sakslista, og lærarane på Sinnes og Tonstad skal ha felles samling om nye fagplanar 28. januar. TL-elevane og Anders skal på TL-mesterkurs i Kvinesdal 29., men elles er det stille og roleg.

På førre SU-møte vart ein samde om at ein legg inn eit skjema i Visma flyt skule der foreldre melder frå at dei ynskjer at barnet deira skal dusja, og så nyttar foreldra vanleg melding til læraren om det er spesielle grunnar til at barnet ikkje skal dusja ein gong eller to. Så lenge timane er lagde opp til at det er tid til å dusja, og det ikkje er noko problem for elevar å dusja etter symjetimane, ynskjer skulen at elevane dusjar etter gymtimen både pga. hygiene og for å få gode vanar.



Sinnes 06.01.20, *Ase-Berit* (rektor)